



Lindås kommune  
Kvernhusmyrene 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 09.11.2015  
Vår ref.: 2014/23707-14  
Saksbehandlar: HANVIE\_  
Dykkar ref.: 14/1897 - 15/24081

## Fråsegn til 2. gongs høyring av detaljreguleringsplan for Kubbaleitet, Lindås kommune

Vi viser til brev datert 29.09.2015 om 2.gongs høyring av forslag til detaljregulering for Kubbaleitet, gnr 137, brn 38 m.fl. Hovudføremålet i planen er bustad. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustadføremål.

Ved første gongs høyring hadde Hordaland fylkeskommune merknader til planforslaget. Fylkeskommunen konkluderte med å rá fra reguleringsplanen ut frå omsynet til areal og transport, senterstruktur, samferdsel, landskap, arkitektur og estetikk, folkehelse og barn og unge sine interesser.

Hordaland fylkeskommune vurderer no det nye planforslaget ved 2. gongs høyring ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

For utfyllande planfaglege rád viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### Vurdering

#### Areal og transport, senterstruktur og samferdsel

Ved første gongs høyring hadde Hordaland fylkeskommune merknader til planen når det gjaldt å sikre gode gang og sykkelforbindigar mellom bustadene og nærmeste senterområde på Knarvik. Fylkeskommunen bad om at det vart lagt tilrette for at mjuke trafikantar kan nytte delar av det gamle internvegsystemet for å gjere avstanden mellom heim og kollektivtilbodet på Alverflaten kortast mogeleg.

Merknadene til Hordaland fylkeskommune er ivareteke i det nye planforslaget som ligg føre ved 2. gongs høyring. Det er positivt at gåande og syklande kan nytte f\_GV3 og o\_GV2 som internvegar mellom bustadområda. Dette bidrar til å gjere det enklare å ferdist for mjuke trafikantar og vil korte ned avstanden til kollektivtilbodet på Alverflaten.

#### Arkitektur og estetikk

Ved første gongs høyring bad fylkeskommunen om at illustrasjon over blokkane ikkje vart vegleiande for den vidare prosjekteringa. I planmaterialet som ligg føre ved 2. gongs høyring kan vi ikkje sjå at det er gjort endringar i illustrasjonane. Vi viser til merknad ved første gongs høyring og ber om at omsynet til arkitektur og estetikk vert vidareført i prosessen vidare.

### Barn og unges interesser og folkehelse

Hordaland fylkeskommune hadde merknader når det gjaldt trafikktryggleik for barn og unge ved fyrste gongs høyring. Vi bad om at overflateparkeringa mellom blokkane f\_P3 vart fjerna og at det vart sikra trafikksikker tilkomst mellom bustader og leikeareal.

Merknadene til Hordaland fylkeskommune er dels ivaretakne i det nye planframlegget. Overflateparkeringa på f\_P3 er framleis gjeldande, men det er sikra bedra skilje mellom mjuke trafikantar og køyrande med interne fortau. Hordaland fylkeskommune er positiv til tiltaka for betra trafikktryggleik.

### Strandsone og friluftsliv

Ved fyrste gongs høyring kom Hordaland fylkeskommune med merknader om at det bør regulerast inn badeplass og offentleg område ved sjøen. Det var også merknader om at føresegnerne bør sikre at det ikkje vert sett opp stengsler eller anna som kan privatisere strandsona.

Fylkeskommunens innspeil om å regulere badeplass og offentleg område ved sjøen er ikkje teke inn i det nye planframlegget. Hordaland fylkeskommune ber om at ein sikrar ålmenta tilkomst og tilgjenge til strandsona og at føresegnerne stiller krav om at det ikkje kan settast opp stengsler eller anna som kan privatisere strandsona.

### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har ikkje merknader når det gjeld kulturminne og kulturmiljø utover merknadene ved fyrste gongs høyring.

## **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune er nøgd med endringane som den nye planen legg opp til når det gjeld trafikktryggleik for barn og unge, og internveg for gange og sykkel. Når det gjeld arkitektur og estetikk, strandsone og friluftsliv viser vi til fråsegnar ved fyrste gongs høyring.

Marit Rødseth  
plansjef

Hanne Kathrin Vie  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen, Samferdselsavdeliga

Monica Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Kopi til:

Statens vegvesen - Region Vest

Fylkesmannen i Hordaland